

Ja vel, minister!

Statsminister og landbruksminister inviterte til vidare dialog om regjeringa sitt arbeid for landbruket, då dei talte til årsmøtet i Norges Bondelag på Lillehammer. Årsmøtet tek i mot invitasjonen og peikar på fylgjande punkt som er særleg viktige å ta med vidare:

Rekruttering og inntekt. Årsmøtet merkar seg at statsministeren sa: ”Bonden fortjener en god inntekt”. Vi konstaterer at rekrutteringa av unge næringsutøvarar er heilt avhengig av at landbruket får grunnlag for inntekt og rammevilkår som er konkurransedyktige med andre yrke. Vi krev at regjeringa fylgjer opp eigne ambisjonar i regjeringserklæringa om ei vidareutvikling av inntekts- og velferdspolitikken i langt større grad i komande jordbruksforhandlingar enn dei gjorde i år. Bøndene må få betre sosiale ordningar.

Landbruket må få behalde effektiviseringsgevinsten. Årsmøtet aksepterer ikkje omfordeling mellom bønder som strategi for å auke inntektene til prioriterte grupper eller produksjonar.

Investeringar. Årsmøtet viser til kravet frå jordbruket, og forventar at regjeringa innfører ei investeringspakke og fondsordning i statsbudsjettet til hausten. Dette treng vi for å sikre ein variert bruksstruktur i landbruket og ei komplett verdikjede i matvareproduksjonen.

Klima. Årsmøtet merkar seg at statsministeren meiner landbruket er ein viktig del av løysinga på klimautfordringane. Meir samarbeid mellom landbruk, industri og regjering er nøkkelen til å utløyse potensialet for fornybar energi og binding av CO₂ gjennom fotosyntesen.

Rovviltforvaltning. Beiting i utmark er ei miljøvenleg form for verdiskaping, som er viktig for å oppretthalde det biologiske mangfaldet og sjølvforsyningsgraden av norsk mat. I regjeringserklæringa er det mange gode tiltak som kan redusere konflikten mellom rovvilt og husdyr. Regjeringa må sjå til at desse tiltaka vert fylgde opp av forvaltninga.

Varig vern av matjorda. Det trengst eit betre lovverk og meir effektive verkemidlar for å ta vare på jordbruksareala, for å kunne dyrke den maten vi treng til eit aukande folketal.

Næringsutvikling. Statsministeren peika på lokal mat, sosial tenesteproduksjon og reiseliv som satsingsområde. Årsmøtet presiserar at ei vidare utvikling her føreset eit aktivt tradisjonelt landbruk. Tilleggsnæringar kan vere ei ekstra inntekt for dei som ynskjer eit ekstra bein å stå på, ikkje ei erstatning for den låge inntekta i tradisjonelt landbruk.